
Saksnr: 2020/49137-12
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 19.01.2021 |
| Fylkestinget | | 03.03.2021 |

Revidert Bømlopakke og Kvinnheradpakke - Endring av garantivedtak

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Bømlopakke, vedtaks punkt 11 siste setning vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».
2. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Kvinnheradpakke,, vedtaks punkt 10 siste setning, vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».

Samandrag

Saka gjeld endring av ordlyd i vedtak om garanti i hhv revidert Bømlopakke og i Kvinnheradpakke ut i frå råd frå Vegdirektoratet. Dette vert rådd til då nokre langjevarar krev slik formulering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Lefdal
fylkesdirektør infrastruktur og veg

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vegdirektoratet har kvalitetssikra både utkast til og Kvinnheradpakke. For Bømlopakken skriv m.a. Vegdirektoratet:

«Videre har vi merket oss følgende i garantivedtaket: «Det føresetast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar.» Vi anbefaler her en ordlyd om at garantisten «har rett til» å sikre garantien med retten til å innkreve bompenger. Når det forutsettes at garantien skal sikres med pant i innkrevingsretten, må utbygger være beredt på å kan skille ut eiendom der innkrevingen blir gjennomført som kan benyttes som pant. Vi har erfaring med at banker ikke vil gi lån uten at dette blir gjennomført slik garantivedtaket nå står.

...

Vestland fylkeskommune må bekrefte at de aksepterer de nye betingelsene for garantiene.»

Liknande formulering står i kvalitetssikringa av revidert Bømlopakke

Saka har vore drøfta med Ferde AS, som rår fylkeskommunen til å gjere om gjeldande setning i vedtaket. Erfaringane er at ein del långjevarar er nøye med formuleringane i vedtaket.

Vedtakskompetanse

Saka gjeld endring av vedtak i fylkestinget, og endring av vedtak må opp i same organ

Vurderingar og verknader

Etter dialog med Ferde as, legg fylkesrådmannen til grunn at garantivedtaket må bli endra til at garantisten har rett til å krevje inn bompengar. Erfaringane er at enkelte långjevarar har strenge krav til formuleringane i garantivedtaket.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dette har nokon praktiske konsekvensar for fylkeskommunen. Vestland fylkeskommune har førebels ikkje erfaringar med at långjevar krev pant i eigedom til bomstasjon. Men for å sikre at det vert lån til dette, rår fylkesrådmannen til endring av formulering.

Økonomi:

Det kan vere eit krav frå långjevar om den nemnte formuleringa

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til å følgje Vegdirektoratet sitt råd om endring av ordlyden i vedtaket.